



## Rammer for planarbeidet

### Samandrag

Planarbeidet skal leggje til rette for etablering av [type prosjekt] og samstundes ivareta [verneverdi] og sikre [samfunnsbehov].

## REFERAT OPPSTARTSMØTE – REGULERINGSPLAN

Detaljreguleringsplan gbnr. 23/6 m.fl. Kvåle Barnehage

<b>Møtestad:</b>	Teams	<b>Møtedato:</b>	28.01.2022
<b>Deltakarar frå forslagstillar:</b>		<b>Deltakarar frå kommunen:</b>	
<b>Framleggsstillar:</b>	Saman	Emil Christensen Birkeland, Åsmund Veigel Gaukstad	
<b>Plankonsulent:</b>	Asplan Viak AS v/ Hilde Ruud og Lene Lindhart Hammer		
<b>Andre:</b>			
<b>Arkivsaknr.:</b>			

### 1 1 FRAMLEGGSTILLAR SITT PLANINITIATIV

Bakgrunnen for planinitiativet:

Asplan Viak fremjar på vegne av Saman Sogndal planinitiativ for detaljregulering for ny barnehage på gbnr. 23/6 m.fl., område BBH2 i Områdereguleringplan for Fosshaugane. Det er eit ønskje om å leggje til rette for i hovudsak barnehage, bustad, køyreveg, parkering, gang- og sykkelveg og utteopphaldsareal.

Planinitiativ dagsett: 20.12.2020

Tal einingar/bruksareal/volum/byggehøgder:

Framleggsstillar sitt forslag til planavgrensing:



## 2 STATUS I OMRÅDET

### 2.1 2.1 Planar etter plan- og bygningslova

**Kommuneplanen sin arealdel**, 1420-KPL-2013001, vedteke 14.11.2013. Aktuelt område er regulert til og vedtaksdato: Aktuelt område er regulert til sentrumsformål.

**Områderegulering** (pbl § 12-2), Områdereguleringsplan for Fosshaugane, arealplanID: 25.04.2019, vedteke 25.04.2019. Aktuelt område er regulert til offentlig eller privat tjenesteyting. Regulering. BYA 30%, med føresetnad om at Kvålevegen vert utbetra.

Grensar til:

**Detaljreguleringsplan:** Kvålevegen, arealplanID: 1420-2011014, vedteke 13.02.2014. Gjeld regulering av kvålevegen, som er føresetnaden for bygging av ny barnehage på Kvåle.

Andre kommunale planar og rapportar

- Sykkelplan for Sogndal sentrum 2013-2023, vedtak KS sak 10/13.
- Hovudplan for trafikktrygging Sogndal kommune 2013-2016.
- Overvassnorm for Sogndal kommune, 2013
- Plan for oppfølging og utbygging av gangvegar/stiar og grøntkorridorar i Sogndal sentrum, 2010
- Stadanalyse Amlabukti 2004
- Kulturminneplan Sogndal kommune, 2013

### 2.2 Regionale planar og føringar

- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, 2018-2022

### 2.3 Statlege planretningslinjer og rikspolitiske retningslinjer

- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing
- Statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag

### 2.4 Andre vedtak for området

## 2.5 Tilhøve til overordna plan

Planinitiativet foreslår noko justering av plangrensei høve områdeplanen. Dette gjeld parkering innafor BOP9. Utanom dette bryt ikkje planinitiativet med overordna plan.

# 3 PREMISS FOR DET VIDARE PLANARBEIDET

## 3.1 Type plan

Detaljreguleringsplan

## 3.2 Arealformål

Barnehage, køyreveg, bustad, parkering, gang og sykkelveg og uteopphaldsareal.

## 3.3 Bygnadsstruktur

Reguleringsplanar skal definere rammer for heilskapleg utforming av byrom, grønne samband og trafikkløysingar innanfor tilgrensande område. I fortettingsprosjekt skal det takast stilling til heilskapen i bygningsstrukturen.

## 3.4 Arkitektur og estetikk

Nye bygningar, anlegg og landskapstiltak skal utformast slik at eksisterande særpreg og kvalitetar vert ivareteke. Arkitektur og landskapsarkitektur skal verte omtala som eige tema i alle reguleringsplanar.

## 3.5 Byggehøgder

Forslagsstillar må vurdere byggehøgde i det vidare planarbeidet. Det ligg ikkje fast byggehøgde i områdeplan.

## 3.6 Grad av utnytting

Største tillate bruksareal er %-BYA 30%. Høgare utnyttingsgrad kan vurderast for bustadføremålet. Om syner seg at det er ei tenleg løysing å leggje bustadføremålet ovanfor barnehagen er vi positive til det.

## 3.7 Uteopphaldsareal

Syner her til rettleiarar for utforming av uteareal i barnehagar.

- Kunnskapsdepartementet sin rettleiar for utforming av barnehagens uteareal
- Barne- og familiedepartementet sin rettleiande norm for inne- og uteareal i barnehagar
- Vedtekter for barnehagane i Sogndal kommune
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skuler

## 3.8 Grønstruktur og landskap

Samanhengande grøn og blå infrastruktur skal takast i vare og styrkast, for å ivareta biologisk mangfald, klimatilpassing ved å handtere overvatn og etablere trivelege friluftsområder for leik og rekreasjon.

### 3.9 Sjø og vassdrag

Der planområde rører ved bekk eller elv skal retningslinjer for forvaltning av vassdrag leggest til grunn for utarbeiding av planframlegg. Bekk som går gjennom planområdet skal så langt råd er haldast open. Bekken kan senkast dersom dette syner seg naudsynt.

### 3.10 Naturmangfald

Prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8 til 12 skal leggas til grunn som retningslinjer i alle saker. Vurderinga skal gå fram av avgjersla.

### 3.11 Kulturminner, kulturmiljø og landskap

Kulturminne skal undersøkast og det skal synast korleis utbygger har søkt å ivareta dette gjennom planframlegg. Kulturminneplan for Sogndal kommune 2013 skal leggjast til grunn.

### 3.12 Felt BBH2 i områderegeringsplan for Fosshaugane Campus

3.9.2 o\_BBH2 – Kvåle

Området kan nyttast til barnehage. For feltet skal det utarbeidast detaljregulering.

21

- 
- a) Til detaljreguleringsplan skal det utarbeidast rapport på flaum-/jordskredfare.
- b) Maksimale tillate bruksareal %-BYA er 30 %. Største tillate gesims- og mønehøgde skal fastsetjast i detaljplan.
- c) Barnehagen og kringliggjande område skal utformast som ein pedagogisk institusjon for leik, læring og omsorg, med eit variert fysisk miljø som appellerer til aktiv bruk. Barnehagen skal ha ei heilskapleg utforming av bygningar og uteareal som opplevast som unik, og gir ein felles identitet for barna. Bygningar skal ha eit moderne arkitektonisk uttrykk som i skala og materialval harmonerer med denne intensjonen.
- d) Følgjande rettleiarar og vedtekter skal ligge til grunn for utforming av utandørs og innandørs areal i barnehagen:
- Kunnskapsdepartementet sin rettleiar for utforming av barnehagens uteareal
  - Barne- og familiedepartementet sin rettleiande norm for inne- og uteareal i barnehagar
  - Vedtekter for barnehagane i Sogndal kommune
  - Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skuler
- e) Kvålsgrovi kan nyttast som del av barnehagen sitt uteområde. Ved søknad om rammeløyve skal det gjerast greie for korleis krava til tryggleik for uteområder i barnehagar er ivareteke. Desse krava skal innarbeidast i løysing for handtering av overvatn i tråd med godkjent overvassplan, jamfør fellesføresegn 6.
- f) Tiltaka innanfor feltet skal ikkje føre til auka avrenning til Kvålsgrovi, jf. overvassplan pkt. 6.1.
- g) Det skal etablerast gang- og sykkelveg SGS1 gjennom feltet, og SGS5 frå Lunnamyri til Kvåleveggen med ei breidde på 4 meter, som tilfredsstillar krava til tilkomstveg frå Sogn Brann og Redning IKS.
- h) Parkering for feltet skal ligge mot Kvåleveggen i felt BS10.
- i) Følgjande tiltak må vere ferdigstilt før bruksløyve eller ferdigattest vert gjeve:
- Kommunalteknisk infrastruktur, inkludert tilkomst for beredskapsressursar og sløkkjevatn.
  - Avfallshandtering
  - Leike- og uteområde
  - Gang- og sykkelsamband
  - Parkering
  - Sykkelparkering
  - Gjerde og tilnøying

Trase for gang- sykkelveg som ligg i områdeplanen er grov. Denne kan flyttast/endrast dersom det er tenleg.

### 3.13 Samferdsle

Frå planomtalen kjem det fram at: «Kvåle (gbnr. 23/6) kjem godt ut i den samla faglege vurderinga, under føresetnad om at Kvåleveggen vert utbetra og at det vert etablert god tilkomst for gåande og syklende».

Vi vurderer at det ligg føre krav om at tilkomst skal kome frå Kvåleveggen og at der naudsynt at denne vert oppgradert i tråd med vedteke detaljreguleringsplan for at det vert gjeve ferdigattest/bruksløyve for barnehage på Kvåle.

Føresegn 3.9.2 i) i områdeplan: Følgjande tiltak må vere ferdigstilt før bruksløyve eller ferdigattest vert gjeve

- Kommunalteknisk infrastruktur, inkludert tilkomst for beredskapsressursar og sløkkjevattn
- Avfallshandtering
- Leike- og uteområde
- Gang- og sykkelsamband
- Parkering
- Gjerde og tilplanting

Forslagsstillar stilte spørsmål angående vendehammar i bustadgate og denne eventuelt kunne fjernast eller om den kunne vende ned i BKS6. Planavdelinga gjorde det klart at behovet for vendehammaren vil vere der men at ein i det vidare arbeidet kan sjå på korleis ein skal løyse det ut.

### 3.14 Parkering

Framlegg til reguleringsplan eller søknad om tiltak skal vise totalt parkeringsbehov og korleis dette er løyst med omsyn til plassering og fordeling mellom plassar for bilar og sykklar og hente- og bringeløysing etter tiltaket sitt behov. Det skal dokumenterast at naudsynt varelevering og tenesteparkering kan skje utan å vere til hinder eller fare for andre trafikantar. Kommunen kan forby parkering på ubygd areal. Brutto bruksareal i reguleringsplanen skal leggjast til grunn som grunnlag for krav til parkeringsdekning, med fråtrekk for parkeringsareal i BRA.

Forslagsstillar ønskjer å sjå på om det kan leggast til rette for parkering på BOP9. Det kjem fram av områdeplan at «parkering skal liggje mot Kvåleveggen i felt BS10». Felt BS10 er ein skrivefeil, det skal stå BOP9. Vi ser det som tenleg at framleggsstillar tek med seg arealet mot BOP9. Dette vert grunngeve ved at det er ikkje heilt klårt kva areal som eignar seg best som parkering mot Kvåleveggen. Vi vil derimot presisere at dersom ein tek med seg arealet skal ein ikkje låse seg til at parkering skal liggje her. Vi ønskjer at forslagsstillar ser på forskjellige moglegheiter slik at den beste løysinga vert valt.

### 3.15 Universell utforming

Prinsippa for universell utforming skal leggast til grunn for planlegging, søknad om tiltak og opparbeiding av bygningar og anlegg, for å sikre god tilgjenge til uterom og bygningar for alle.

Ved søknad om tiltak skal det dokumenterast korleis universell utforming vert ivareteke.

Hovudgangsamband i bustadområde og andre gangsamband med offentleg funksjon skal vere trinnfrie og ha maksimal stigning 1:20 så langt dette er mogleg ut i frå topografi. Topografien er slik at det ikkje vil vere mogleg for alle løysingar å vere universelt utforma.

Gangvegnettet kan verte supplert med brattare snarveggar, trapper og liknande.

Utforming av samferdsleanlegg skal gjerast med særleg omsyn til gode og føremålstenlege løysingar for universell utforming. Det skal prioriterast å etablere attraktive, effektive og trygge samband for mjuke trafikantar, særskilt i kryss.

### 3.16 Nærmiljø og folkehelse

Det skal gjerast vurderingar knytt til trafikktryggleik og det skal verte sikra og grunngeve at det er gode uteopphaldsareal tilknytta Barnehagen. Gjer vidare merksam på at elv/bekk som renn gjennom planområdet er forureina at det per i dag ikkje eignar seg for bruk (leik). Dette gjeld fram til eventuell ureining vert ordna.

### 3.17 Risiko og sårbarheit

Det må utarbeidast analyse som viser alle tilhøve av risiko og sårbarheit som har verknad for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike tilhøve som følgje av planlagd utbygging. Det skal takast omsyn til framtidige klimaendringar.

### 3.18 Vatn, avlaup og overvasshandtering

Alle framlegg til reguleringsplanar skal vise korleis handtering av vatn, avlaup og overvatn skal løysast, jf. Arealdel til kommuneplan punkt 1-7 f).



#### VA plan

VA-planen skal gjere greie for løysing av vassforsyning, avlaup og slokkevatn. VA-planen skal vere eit styringsreiskap for detaljprosjektering av framtidig utbygging. VA-planen skal leverast saman med planframlegg til 1. handsaming. Vedlagd notatet ligg kart over kommunale VA-leidningar i området, og kapasitet på kommunale VA-leidningar og brannvassuttak i området.

#### Overvassplan

Sogndal kommune sin overvassnorm (2013) skal leggest til grunn. Det skal takast omsyn til framtidige klimaendringar. Overvassplan skal vere godkjend av eining for teknisk drift før den vert levert saman med planframlegget til 1. handsaming.

### 3.19 Energiløysingar

I byggjeområde utanfor konsesjonsområde for fjernvarme og prosjekt som ikkje er tilknytt fjernvarme skal anna energikjelde for oppvarming enn elektrisitet vurderast. Det skal og spesielt takast omsyn til energibruk ved lokalisering og utforming av byggjeområdet, og til bruk av alternative fornybare energikjelder.

### 3.20 Renovasjon

Det skal gå fram av planframlegg til 1. handsaming korleis oppsamling og tøyming av avfall er tenkt løyst, i tråd med retningslinjer frå renovasjonsleverandør (SIMAS). Framlegg til plassering og køyremønster for renovasjonsbil skal visast på illustrasjonsplan.

### 3.20 Intern høyring

#### **Miljøavdelinga:**

Midt i planområdet renner Kvålsgrovi. Dette er ei bekk som har påverknad frå spredt avlaup og landbruk. Denne er ein del av Sogndalselvi bekkefelt som har moderat økologisk tilstand. Dette er hovudsakleg grunna dei same påverknadene. Vassforskrifta §§ 4-7 sett til miljømål for vassførekomst og seier at desse skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand og skal vernast mot at dei vert verre. § 12 definerer nokre krav for eventuelle unntak frå dette. Grunna tilstanden i denne vassførekomsten, og Sogndalselvi, prioriterer me opprydding i spredt avlaup i dette nedbørsområdet.

Området ligg i utkant av det kommunale avlaupsnett, sjå utklipp under. Som hovudregel skal avlaup førast til kommunalt avlaup, med mindre dette ikkje er mogleg. VA- avdelinga i kommunen kan svare på tilkopling for planområdet. De har ansvaret for at eventuell tilkopling ikkje fører til at utsleppet frå det kommunale anlegget ikkje overskrid utsleppsløynet. Om det ikkje kan koplast til kommunalt avlaup må det søkast utsleppsløyve. Kommunen som forureiningsmynde kan berre tillate eit avlaupsanlegg om det kan dokumenterast gjennom utsleppssøknad at det er ureiningsmessig forsvarleg. Ein eventuell forlenging av det kommunale avlaupet kan gje moglegheit for nærliggande eigedommar for også å kople seg på det kommunale nettet. Dette kan vere med på å betre miljøtilstanden i vassførekomsten ved å redusere ureining frå spredt avlaup.



### Oppmålingsavdelinga:

Innanfor området som er synt i kart under, er det 3 forskjellige typar matrikkelførte eigedomsgrenser. Grøn, som syner god landmålt kvalitet, gul og rosa, som er ikkje-landmålte grenser med dårleg kvalitet og stipla linjer som kan vera av dårleg kvalitet- og er ikkje landmålt.

Dersom ein ynskjer at alt innanfor området skal ha god kvalitet bør ein gjennomføre kvalitetsheving og nymerking av eksisterande grenser (dersom grensa eksempelvis har mykje å seie for kor kvart bygg, veg, infrastruktur elles vert plassert).

Dei stipla linjene mot veg kan ein eksempelvis høyre med kommunen som vegmynde om.

Totalt sett er kvaliteten i matrikkelen dårleg- bortsett frå grensene til eksisterande busetnad mot aust.



#### VA-avdelinga:

Det er ikkje lagt opp forsyning av drikkevatt til tomta, næraste punkt for tilkopling med tilstrekkeleg dimensjon er kum 1351 sør for feltet, alternativt kum 1380 aust for feltet. Begge er registrert med vassleidning Ø180 PE lagt i 2009. Rådgjevar må kontrollere posisjon og tilstand i terrenget.

Spillvatn kan førast i begge trase (sør eller aust), truleg er kapasitet ved kum 1351 større då eksisterande last på denne er mindre. Rådgjevar må vurdere dette nærare

Handtering av overvatn skal kome fram i eigen overvassplan. Denne må ta for seg grovi gjennom planområdet. Lukking av grovi i røyr vurderer me som uheldig.

VA ser for seg at leidningar fram til barnehagen bør etablerast i tilsvarende dimensjon som påkoplingspunktet (VL Ø180, SP Ø160, evt OV Ø160) og kan i so fall overtakast av kommunen dersom det blir lagt stikkleidningar til barnehagen)



#### **Førebels innspel frå Veg:**

Foreløpig innspel frå VEG:

Standarden på dagens veg som går frå Fjærlandsvegen mot Kvåle og Dalavegen er ikkje tilfredsstillande om den skal brukast som tilkomst for barnehage eller skule

Hovudmoment:

- Det er ikkje fotgjengarfelt eller plass til mjuketraffikkantar langs vegen
- Vegens breidde er ikkje beregna på at det skal komme møtande trafikk
- Innkøyringa frå Fjærlandsvegen er ikkje beregna på økt trafikkmengde

Før barnehage på Kvåle skal takast i bruk må denne vegen utbetrast som beskrive i reguleringsplan (Planid: 1420-2077014)

#### **Samfunnsplanleggar:**

Heilt i tråd med samfunnsplanen.

### 3.21 Grunnundersøkingar


Vi ser at planområdet ligg innanfor område med moglegheit for samanhengande forekomstar av marin leire jf. NVE temakart «Kvikkleire». Det må i samband med planarbeidet gjerast ein vurdering av fagkunnig slik at trygg byggegrunn kan dokumenterast.

## 1.9 Grunntilhøve

1.9.1 I alle detaljreguleringsplanar utforma på bakgrunn av denne områdereguleringsplanen skal det gjennomførast vurdering av stabilitet i lausmassane og risiko for auka avrenning og erosjon til elv og/eller bekk.

### Skred

Skredfarevurdering utført i planarbeid for Områdeplan Rutlinsli av Multiconsult i 2014 syner at austlege deler av området ikkje er utsatt for skred. NVE sin kartlegging 2017 utført av Skred AS syner at faresone 1/5000 stoppar eit godt stykke ovanfor planområdet. I rapporten er det angitt at dersom terreng eller vegetasjon endrast betydeleg, kan det ha betydning for skredforholda. Då anbefalast det å utføre ei ny vurdering. Ut i frå det vurderer vi området som trygt for skredfare, men at det bør gjerast vurderingar ved utbygging av landbruksareal på Kvåle med omsyn til jordskred/flaumskred, då det ligg innanfor aktsemdsområde for dette. Fleire område innanfor planområde har terrenghelling >30 grader. Desse områda krev spesiell aktsemd ved vidare planlegging, og skal vurderast på detaljplannivå. Dette er sikra i fellesføresegn punkt 1.9.



Figur 1: Aktsemdsområde jord- og flaumskred. Kjelde: <https://temakart.nve.no/tema/jordflomskredaktsomhet>

## 4 UTGREIINGAR

### 4.1 Rapportar

Tema	Ansvarleg
Støy	Må omtalast

Skred	Allereie gjort (forslagsstillar må syne at eksisterande rapport sikrar trygg byggjegrund for jord- og flaumskred).
Flaumfarerapport	Allereie gjort (forslagsstillar må syne at eksisterande rapport sikrar trygg byggjegrund for jord- og flaumskred)
Naturmangfald	Må omtalast
Trafikk	Må omtalast
Kulturminneundersøking (avklaring fylkeskommunen)	Avklarast med Vestland Fylkeskommune etter varsel oppstart
Handelsanalyse	Ikkje aktuelt
Grunnundersøkelser	Må vurderast

## 4.2 Konsekvensutgreiing

Planframlegget fell ikkje under krav om handsaming etter forskrift om konsekvensutgreiing.

Planinitiativet er i tråd med overordna plan. Vi vurderer at tiltaka planen opnar opp for ikkje legg til rette for tiltak som må utgreiisast jf. forskriftas §§ 6 og 7. Vi vurderer vidare at tiltaka planen opnar opp for ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn som ville utløyst krav om utgreiing jf. forskriftas §§ 8 og 10.

## 5 REGULERINGSFØRESEGN

### 5.1 Rekkefølgekav

Gang- og sykkelveg

Turveg (GT)

### 5.2 Utbyggingsavtale

Utbyggingsavtale er føresett inngått før igangsettingsløyve vert gjeve, der utbygging i høve vedteken plan med tilhøyrande føresegner også føresett bygging av offentlege anlegg og/eller tilpassing til slike anlegg.

## 6 KART OG PLANAVGRENSING

### 6.1 Planavgrensing



Planavdelinga rår til at planavgrensinga inneheld areal som vist ovanfor. Dette gjev rom for å innfri rekkefølgekrava i områdeplan, samstundes som at BKS6 i områdeplan vert regulert og at det er naudsynt areal til parkering.

Planavgrensing bør vere endeleg avklart før oppstart av planarbeid vert kunngjort og varsla.

## 6.2 Plannamn

Følgjande plannamn skal brukast på alle plandokument:

**Detaljreguleringsplan for 23/6 m.fl. Kvåle Barnehage.**

## 6.3 PlanID

Vert tildelt etter melding om oppstart av planarbeid.

## 6.4 Kartgrunnlag

Bestilling av basiskart må gjerast gjennom kartbutikken Infoland eller tilsvarande leverandør. Ved innsending av planframlegg til 1. handsaming skal ikkje basiskart vere eldre enn 18 mnd.

## 6.5 Eigedomstilhøve

Eventuell justering av eigedomsgrenser bør skje i løpet av planprosessen og gå fram av framlegg til plankart. Avdeling for oppmåling kan bidra med rettleiing i dette arbeidet.



## 7 MEDVERKNAD

Framleggsstillar skal legge til rette for aktiv medverknad. Aktuelle tiltak utover lova sitt minstekrav skal vurderast fortløpande. All medverknad skal dokumenterast.

### Tiltak ut over lovas minstekrav:

- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland Fylkeskommune
- Statens vegvesen
- NVE
- Sogndal kommune
- Mattilsynet
- Sygnir
- SIMAS
- Sogn brann og redning
- Telenor
- Høgskolen i Vestland
- Barnehagar i nærleiken (og ev. foreldreutval)

## 8 KONKLUSJON

### Oppstart av reguleringsplanarbeid vert tilrådd

Partane er einig om følgjande viktige føringar for planarbeidet:

#### 8.1 Felles plan- og byggesaksprosess (jf. pbl § 1-7, 12-15 og 21-4)

Framleggsstillar ønskjer å gjennomføre ein felles prosess for plan- og byggesak. Rådmannen stiller seg positiv til å handsame saka etter felles handsaming av plan og byggesak jf. pbl § 1-7. Søknad om rammeløyve kan følgje reguleringsplanframlegget og handsamast saman med planframlegget, jf. pbl §§ 12-15 og 21-4.

Ved felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggesøknad gjeld reglane for reguleringsplanar om varsling, uttalefrist, adressat for uttalar og fristar for handsaming for begge vedtaka, jf. pbl § 12-15.

## 9 FRAMDRIFT OG VIDARE SAKSGANG

### 9.1 Kunngjering og varsel om oppstart av planarbeid

Planavgrensinga bør vere endeleg avklart før oppstart av planarbeid vert kunngjort og varsla.

Referat frå oppstartsmøtet skal leggst på kommunen, og eventuelt plankonsulenten sin nettside saman med dei andre dokumenta som er aktuelle til kunngjering av oppstart

planarbeid. Aktuelle høyringsinstansar skal veljast frå kommunen sin høyringsliste som ligg vedlagd. Kommunen ved eining for plan og forvaltning, og eining for teknisk drift skal alltid varslast via [postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no).

## 9.2 Dialog

Planavdelinga ønskjer ein god og konstruktiv dialog før planframlegget vert levert til 1. handsaming. Utover kontakt per telefon og e-post, er det tilrådd å gjennomføre minst eitt arbeidsmøte. Dette bør gjennomførast etter høyringsfrist for varsel om planoppstart. Materiale for gjennomgang i møte bør leverast minimum 1 veke før møte.

## 9.3 Eventuelt nytt oppstartsmøte

Dersom oppstart av planarbeid ikkje er dokumentert kunngjort innan 6 mnd etter oppstartsmøtet vart gjennomført, vert saka avslutta og nytt oppstartsmøte må haldast før kunngjering av oppstart. Tilsvarande gjeld der komplett planframlegg ikkje er motteke innan 1 år etter oppstartsmøte vart gjennomført. Det blir i så fall kravd nytt gebyr for oppstartsmøte.

## 10 GEBYR

Vi viser til Sogndal kommune sitt gebyrregulativ vedteke sak xx/xx 2020.. Lenke til gebyrregulativ.

Førebels utrekning på kva planarbeidet vil koste ut frå avklart planavgrensing og innhald i planframlegget:

Avtalte fritak frå gebyr:

Faktura for handsamingsgebyr sendast til framleggsstillar, namn og adresse:.....

## 11 KRAVSPESIFIKASJON

Det er ein føresetnad for kommunen sitt arbeid med både utlegging av planframlegg til offentleg ettersyn, og påfølgjande handsaming med oversending av planframlegget til politisk handsaming, at planframlegget er komplett i medhald av vår kravspesifikasjon, jf. vedlegg.

## 12 FAGKYNDIG PLANKONSULENT

Det er ein føresetnad at plankonsulenten har tilstrekkelege kunnskapar om plansystemet og prosessane, og kunnskap om framstilling og verknadar av plankart, føresegn og planomtale.

## 13 PLANDOKUMENT TIL 1. HANDSAMING

Førebels er det vurdert at følgjande dokument skal inngå i leveranse for komplett planframlegg til 1. handsaming:

Plankart
Føresegn
Planomtale
Merknadsskjema og –kart
Illustrasjonsplan
Snitt og oppriss
Perspektiv og volumstudie
Sol- og skuggeillustrasjonar
Lengde- og tverrprofilar veg
ROS-analyse
VAO-plan
Kulturminneundersøkingar (må avklarast med Fykeskommunen)
Støyrapport
Trafikkanalyse
Naturmangfaldrapport
Handelsanalyse
Gebyrgrunnlag i skjema

**Vedlegg:**

Planavdelinga sitt framlegg til planavgrensing (sosi og pdf, dersom ueinigheit)

Kart over VA-leidningar

Liste over høyringspartar

Kravspesifikasjon

Mal planomtale

Mal føresegn

Mal merknadsskjema